

NAMN

1. Siv Katrin Ulla
2. Emil Korsnes
3. Trine Otterlei
4. Arne Otto Rogne
5. Suzana Slotsvik
6. Karl Jan Fjørtoft
7. Kari-Elin Korsnes Hildre
8. Jonny Breivik
9. Julianne Høistad Aakre
10. Rune Einarsson Løndal
11. Bjørn Kårvatn
12. Karl Severin Olsen
13. Helene Austbø
14. Vidar Røren
15. May Iren Skarbø
16. Jørgen Ove Havnsund
17. Marie Mathisen
18. Toralf Vik
19. Øyvind Skjelten
20. Edel Tolås
21. Bjørn Kåre Høistad
22. Heidi Hoem Bjurbeck
23. Alf Erik Andresen
24. Grete Berbu
25. Ingebjørg Sundli
26. Trond Seth

F.ÅR

- 1972
1958
1966
1962
1971
1971
1977
1960
1975
1957
1969
1951
1973
1961
1973
1964
1940
1967
1962
1950
1953
1972
1974
1942
1943
1958

BUSTAD

- Vatne
Brattvåg
Kjerstad
Brattvåg
Søvik
Tennfjord
Brattvåg
Vatne
Haramsøy
Brattvåg
Vatne
Haramsøy
Brattvåg
Vatne
Brattvåg
Brattvåg
Brattvåg
Søvik
Brattvåg
Brattvåg
Longva
Brattvåg
Tennfjord
Brattvåg
Brattvåg
Brattvåg



Program

HARAM ARBEIDERPARTI

2015–2019

150895-06 www.haram.no



Siv Katrin Ulla
Ordførarkandidat



Emil Korsnes
Varaordførarkandidat



Trine Otterlei
3. kandidat



Haram Arbeiderparti vil:

- styrke, utvikle og fremje nyskaping og næringsutvikling i samarbeidet mellom skule, næringsliv og kommune
- prioritere pleie- og omsorgssektoren for å møte utfordringane i framtida
- utvikle levedyktige lokalsamfunn knytta saman med velfungerande infrastruktur
- legge til rette for kvalitet i skulen og gode oppvekstvilkår
- bidra til utvikling av ein robust kommuneøkonomi

VISJON

Det Norske Arbeiderparti arbeider for eit rettferdig samfunn i solidaritet, fridom og likskap der alle har like høve. Viktige samfunnsoppgåver skal løysast i fellesskap, vi vil skape og vi vil dele rettferdig.

HARAM ARBEIDERPARTI – FOR DEN SOM VIL NOKO

Haram Arbeiderparti vil arbeide for at Haram kommune skal vere ei attraktiv kommune å investere og verke i, samt busetje seg og leve i.

Haram kommune er ein god kommune å leve i, men mykje kan gjerast betre. Vi må vere rusta for å møte utfordringar vi står over for i framtida, til dømes innanfor eldreomsorg og næringsutvikling. Velferdssamfunnet er truga frå fleire hald, og må sikrast og vidareutviklast. Endringar i kommunestrukturen vil mest sannsynleg kome og vi må vere aktive for å få til gode løysingar for næringsliv og tenesteyting. Kommunen vil vere ein aktiv pådrivar for å sikre gode løysningar for næringslivet, og å sikre ein høg standard på tenesteytinga for innbyggjarane i kommunen.

Haram Arbeiderparti vil:

- legge til rette for at fleire skal busetje seg i kommunen
- styrke samarbeid med andre kommuner
- fremje kvalitet i skulen
- at Haram skal vere eit levande og inkluderande lokalsamfunn
- at kultur og friviljug arbeid skal ha gode kår
- arbeide for fleire ungdomsaktivitetstiltak
- ha ei god og målretta eldreomsorg
- arbeide for eit godt kollektivtrafikktilbod som bind kommunen og regionen saman
- at Haram kommune skal vere ein god arbeidsgjevar og ein pådrivar for eit godt arbeidsmiljø, der HMS er ei prioritert oppgåve.

KOMMUNAL ORGANISASJON OG DRIFT

Arbeiderpartiet ønskjer sterke og effektive kommunar som skal gi innbyggjarane gode tenester. Vi vil vere pådrivarar for fornying av norske kommunar slik at dei kan møte krava til kvalitet, tilgjenge, rettferd og økonomisk effektivitet.

Haram Arbeiderparti vil arbeide for ein balansert og robust kommuneøkonomi for å sikre innbyggjarane eit velfungerande offentleg tenestetilbod innan utdanning, helse, eldreomsorg og andre velfungerande kommunale tenesteytingar. Om nødvendig, for å nå dette målet, vil vi arbeide for å auke kommunen sitt inntektsgrunnlag.

Haram Arbeiderparti vil:

- målrette og effektivisere kommunen sin organisasjon og ressursbruk
- at nettbasert saksbehandling må vere ein viktig del av kommunen sitt tenestetilbod
- arbeide for å auke stillingsbrøkane, særleg i pleie og omsorgssektoren
- styrke den næringsutviklingsretta tenesteytinga
- styrke og vidareutvikle den kommunale vaktmestertenesa for å ivareta dei kommunale bygga
- arbeide for ei god løysing for innbyggjarane i Haram ved ein eventuell ny kommunestruktur

BARN OG OPPVEKST

Arbeiderpartiet ønskjer eit godt oppvekstmiljø for barn, og at alle som vil det skal få barnehageplass med eit godt pedagogisk innhald. Barn som har spesielle behov må få rett hjelp til rett tid.

Haram Arbeiderparti vil sikre trygge omgjevnader for barn, og legge til rette for gode bumiljø i alle delar av kommunen. Barnehagane utgjør eit godt omsorgstilbod for barn, og er også viktige for språkopplæring og integrering av barn med innvandrarbakgrunn. Barnevernet og PP-tenesta må vere godt nok utbygd slik at alle får den hjelpa dei treng.

Haram Arbeiderparti vil:

- ha gode basisteneser for born og familiar i kommunen
- sikre full barnehagedekning, med kvalifisert personale, som kan sikre borna eit pedagogisk tilbod
- at barnehagane skal ha fleksibel opningstid og ferieavvikling
- arbeide for to barnehageinntak i året

SKULE

Arbeiderpartiet vil styrke fellesskulen og forsvare den offentlege skulen som ein felles arena for alle, uansett bakgrunn. Vi vil ha ein god skule for alle born og vi vil betre kvaliteten og auke kunnskapsnivået i skulen. Det skal vere kvalitet, tryggleik og valfridom i skulen. Den offentlege skulen skal vere gratis. Private og offentlege skular må ha same ressurstilgang og eit likt tilbod til elevane.

Haram Arbeiderparti vil sørgje for at skuletilbodet i kommunen held eit høgt fagleg nivå. Skulen må heile tida forberast, og elevane må vere sikra ei best mogleg undervisning tilpassa den enkelte. Samarbeid mellom skule og næringsliv må utviklast vidare med tanke på rekruttering.

Haram Arbeiderparti vil:

- arbeide for å auke rammetimetalet og andre ressursar til grunnskulen
- styrke elevane sin dugleik i norsk, matematikk, framande språk og bruk av digitale verkty, og innføre ei digital læringsplattform
- stø arbeidet med å styrke og vidareutvikle Haram vgs og skulen sitt samarbeid med næringslivet
- sikre ei god symjeopplæring for alle born i grunnskulen
- arbeide for ei god skulehelseteneste
- gå inn for bygging av ny skule, tilrettelagt for alle skuletrinn, lokalisert på Vatneeidet
- arbeide aktivt mot mobbing i skulen

MILJØVERN OG BEREKRAFTIG UTVIKLING

Arbeiderpartiet ser klimaendringane, saman med den internasjonale fattigdommen, som den største utfordringa i vår tid. Haram kommune skal vere aktiv i kampen mot klimaendringane. Haram Arbeiderparti vil at kommunene skal vere ei føregangskommune innan miljøvern og berekraftig utvikling. Tiltaka som er vedtatt i kommunen sin Miljøplan må prioriterast. Miljøvern og berekraftig utvikling må vurderast i saker som handsamast i kommunen, og Arbeiderpartiet vil være ein pådrivar i det arbeidet.

Haram Arbeiderparti vil:

- støtte opp om arbeidet i ÅRIM
- arbeide for at tiltaka i Klima og energiplan vert sett i verk
- sikre allemannsretten til viktige tur- og rekreasjonsområde
- bygge fleire gang- og sykkelstiar og styrke kollektivtilbodet
- arbeide for å fjerne artsframand sitkagran i leplantefelta

NÆRING OG KOMPETANSE

Arbeiderpartiet vil at Norge skal vere ein av dei leiande, innovative, dynamiske og kunnskapsbaserte økonomiar i verda innanfor dei område der vi har eit fortrinn.

Haram Arbeiderparti meiner at næringslivet er grunnlaget for verdiskaping og busetjing i Haram. Dei maritime industrilokomotiva i kommunen er globale aktørar, og opptrer i ein svært konkur-

ranseutsett marknad. Dette må vi ta omsyn til og legge til rette for stabile rammevilkår. For å dempe dei lokale utslaga av dei internasjonale konjunktursvingningane i dei maritime næringane er det òg viktig å legge til rette for etablering av nye arbeidsplassar og nye næringer.

Haram Arbeiderparti vil:

- styrke og vidareutvikle samarbeidet mellom kommunen og næringslivet
- legge til rette for at det framleis skal vere attraktivt for globale industrikonsern å vere lokalisert og utvikle seg i vår kommune
- øyremerke delar av formuen vår, der avkastninga skal gå til etablering av eit næringsfond
- utvikle kommunen si rolle som næringsutviklar gjennom Haram Innovasjonsstudio
- betre samarbeidet mellom bedriftene i Haram, NAV og Haram kommune når det gjeld integrering av flyktningar i arbeidslivet.
- bidra til å tryggje grunnlaget for landbruk-, fiskeri- og oppdrettsnæringane i kommunen
- bidra til utvikling av reiselivsnæringa
- utvikle og styrke Haram vgs med tanke på det lokale næringslivet sitt behov for kompetanse.
- styrke rettleiinga og den økonomiske hjelpa til lokale gründerar som ønsker å etablere egne bedrifter.

SAMFERDSEL

Arbeiderpartiet vil føre ein samferdselspolitikk som gjer at folk kan bu og arbeide i heile landet. Hovudmåla i samferdselspolitikken skal vere auka trafikktryggleik, meir miljøvenleg transport, eit effektivt og tilgjengeleg transportsystem for heile landet.

Haram Arbeiderparti meiner det viktigaste for samferdsel i vårt område er vidare utbygging av vegar, bruer og tunnelar i og rundt kommunen vår. Slutføring av Nordøyvegen snarast råd og etablering av Hamsund-sambandet er sentrale prosjekt. Gjennomføring av større regionale satsingar som fjordkryssingar og andre utbetringar på E 136 og E 39 er også viktig. Dei bind saman næringsliv og skaper ein stor og variert regional arbeidsmarknad. Det vil lette samkvemet med omverda og er dermed viktige også for Haram.

Haram Arbeiderparti vil:

- styrke arbeidet med trafikktryggingstiltak i samsvar med trafikktryggingssplanen
- styrke offentlege kommunikasjonar og tilpasse dei til brukarane sitt behov. Arbeidet med planlegginga av busstilbodet til Nordøyane må startast i god tid før vegen opnar.
- vidareføre og utvikle "Heim for ein 50-lapp" for heile kommunen når Nordøyvegen kjem
- arbeide for prioriteringsplan for standardheving og utbetring av flaskehalsar på kommune- og fylkesvegar i Haram.

KULTUR OG FRIVILLIG ARBEID

Haram Arbeiderparti ønskjer å legge til rette for eit rikt og mangfaldig kulturliv i Haram kommune. Det å ha gode fritidstilbod for alle er viktig for å ha ei meningsfylt fritid og auka livskvalitet. Haram Arbeiderparti vil gjere dette ved å styrke rammevilkåra til frivillige lag og organisasjonar i kommunen. Det er viktig å ha god kommunikasjon med lag og organisasjonar for å finne ut kva behov dei har.

Lag og organisasjoner som særskilt arbeider med bruk av naturen som utviklings- og møtearena for alle aldersgrupper, til dømes jakt, fiske og friluftsliv, har også ei viktig rolle i kommunen, både når det gjeld god helse og det sosiale aspekt, som ett godt alternativ til organisert idrett. Auka samarbeid mellom det offentlige og frivillige lag og organisasjonar er òg viktig. Det å ta del i frivillig arbeid og gjere noko meningsfylt er sterkt førebyggjande, samt at det òg kan vere ein ressurs for kommunane.

Haram Arbeiderparti ønskjer å ha ein sterk og aktiv frivillegsentral som legg til rette for auka samhandling mellom offentlig og frivillig sektor, samt vere eit knutepunkt for frivillige lag og organisasjonar inn i mot kommunen.

HELSE OG OMSORG

Haram Arbeiderparti meiner at god helse er eit felles ansvar. Dokumentasjon viser at forebygging, og spesielt samfunnsretta tiltak, gir mest helse igjen for pengane og størst velferdsgvinst. Fysisk inaktivitet, overvekt og psykiske lidningar er dei nye hovedutfordringane. Mange opplever einsemd og isolasjon. Tidleg innsats er for mange avgjerande. Haram Arbeiderparti ønskjer difor eit særskilt fokus på born og unge i Haram kommune.

Arbeiderpartiet vil arbeide for eit tverrfagleg rehabiliteringstilbod ved Haram Omsorgssenter og kvardagsrehabilitering ved heimebasert omsorg. Dette er verdig og framtidsretta politikk der Rett behandling, på Rett stad og til Rett tid for alle som bur i Haram kommune, blir prioritert. I tråd med dette må våre helse- og omsorgstenester ha ressursar og kompetanse til å kunne yte gode og likeverdige helse og omsorgstenester, basert på individuelle behov, enten det er i heimebasert omsorg eller i institusjon.

Haram Arbeiderparti vil:

- styrke arbeidet til friviljuge lag og organisasjonar, og samhandle med desse
- at fleire tilsette i helse- og omsorgsyrke skal styrke kompetansen sin.
- arbeide for at Haram kommune skal ha ein rehabiliteringsplan, der tverrfagleg rehabiliteringsavdeling ved Haram Omsorgssenter og kvardagsrehabilitering ved heimebasert omsorg blir prioritert
- sikre ei god psykiatri-, rusforebyggings- og rusrehabiliteringsteneste
- styrke førebyggjande folkehelsearbeid, ved å sikre at kommunen har planar for korleis ein kan møte utfordringane ein står overfor, som til dømes: hjartelidningar, fedme, diabetes, kreft, lungesjukdomar (kols) og psykiske lidningar
- styrke dei lokale legekontora og andre kommunale helsetilbod slik at tilboda er nærast brukarane av desse.
- styrke dagsenteret i Brattvåg sin funksjon, og arbeide for stabile transportordningar til og frå dagsenteret
- sikre at eldre og menneske med funksjonsnedsettingar som kan bu heime eller i tilrettelagde omsorgsbustader, skal få høve til det så lenge som mogleg.
- sikre at Haram kommune har ei «Koordinerande eining» som tek vare på brukarar med behov for tverrfagleg teneste på tvers av einingane.

TRYGG ALDERDOM

Arbeiderpartiet meiner trygg alderdom er viktigare enn mindre skatt. Talet på eldre vil auke i åra som kjem, eit positivt uttrykk for at folk lever lenger og kan ha mange gode år som pensjonistar. Vi vil legge spesiell vekt på å styrke Folketrygda, sikre tenestepensjon til alle, og kvinners rett til god pensjon.

Haram Arbeiderparti meiner at eldre er ein ressurs, også ein kulturressurs, både for familien og samfunnet elles. Mange eldre greier seg utan hjelp frå samfunnet, men dei som treng hjelp må få tilpassa hjelp etter den einskilde sitt behov.

Dei eldre må få kome til orde og bli høyrde.

Haram Arbeiderparti vil:

- gjennom samarbeid og dialog med Haram eldreråd og pensjonistlaga i kommunen utvikle kulturtilbod (Den kulturelle spaserstokken) og andre aktivitetar for ein trygg og aktiv pensjonisttilvære.
- arbeide for at det blir bygd fleire omsorgsbustader i Haram kommune
- arbeide for styrka dagtilbod for eldre i Haram kommune generelt, og prioritere dagsenter og transportordning til og frå slike tilbod spesielt
- ha stort fokus på brukarmedverknad

Vi i Haram Arbeiderparti vil:

- 1 arbeide for to barnehageopptak i året
- 2 fortsette å arbeide for realisering av Nordøyvegen
- 3 arbeide for ei god løysing for innbyggjarane i Haram ved ein evt. ny kommunestruktur
- 4 auke rammetimetalet og ressursane i grunnskulen
- 5 ha gode helse- og omsorgstenester som er basert på individuelle behov
- 6 at vi skal vere ein føregongskommune innan miljøvern og berekraftig utvikling
- 7 utvikle kommunen si rolle som næringsutviklar gjennom Haram Innovasjonsstudio
- 8 legge tilrette for eit rikt og mangfaldig kulturliv i Haram kommune